



Fakta

## LOKALT STUDIETILBOD

- Stiftinga Høgskuleundervisning i Hardanger vart stifta i 1993 av Odda kommune og Tyssefaldene AS. Seinare har mellom andre Kvam herad og Jondal kommune vorte med i stiftinga. Målet er å tilby høgskuleundervisning i regionen.
- Stiftinga tilbyr undervisning gjennom studiesenteret.no. Hardanger studiesenter, avdeling Kvam, vart medlem i 2013.
- Næringshagen i Odda administrerer drifta av senteret for stiftinga.

Kjelde: studiesenteret.no

**Studentar:** Britt Tone Skeie og Anette Berg Leiren er studentar hjå Studiesenteret. Undervisinga føregår i eit klasserom på den vidaregåande skulen i Steinsdalen, men i haust var Leiren i Kenya som del av studiet. Namneskiltet identifiserer dei for studentar andre stader og førelesarar. Skal dei snakka i plenum, trykkjer dei på ein knapp på den runde dingsen på bordet.

# Horisontutviding på heimebane

Ein må ikkje reisa ut av kommunen for å få kvitta seg med trongsynet.

Anette Berg Leiren og Britt Tone Skeie lærer seg interkulturell kommunikasjon – i Steinsdalen!

**SIGBJØRN LINGA**

linga@hf.no

Det kan kanskje sjå ut som eit heilt ordinært klasserom, vel å merka med berre to i klassen denne dagen. Skilnaden er at læraren ikkje står tre meter, men sit vel tusen kilometer frå den lærehungrige duoen i Kvam. Ho dukkar etter kvart opp på ein tv-skjerm på veggen og snakkar til kvemmingane på klingande sørlandsdialekt. På ein annan skjerm kjem ein kvartett sørlendingar i Lyngdal snart til syne. Etter ein kort presentasjons- og helserunde kjem førelesinga i regi av Studiesenteret i gang.

– Når læraren i Kristiansand er sjuk, finn dei ein vikar i London. Det er litt kult, seier Anette Berg Leiren.

### Kortreist utdanning

– Det er fantastisk å sleppa å reisa på samlingar her og der. Det er billegare å sitja her enn å reisa og

betala for fly og opphald. Perfekt! seier programrådgjevar i flyktingtenesta i Kvam, Britt Tone Skeie, som har klasserommet nær sagt rett utanfor døra.

– Når det tekniske fyrst er på plass, fungerer det greitt. Det har vore litt tekniske utfordringar med å koma i gang med førelesingane, men me har forstått at me må vera litt tidleg ute, seier Leiren.

Styraren i Sandven fus barnehage seier ho studerer interkulturell kommunikasjon av fleire årsaker.

– Eg er interessert i folk og kulturar og nyfiken. Det er nyttig i jobben, og eg har lyst til å læra noko nytt og utvida horisonten.

Skeie har utstrekt kontakt med flyktingar, og meiner studiet er til bate for jobben.

– Eg lærar mykje om historie og religion, og får forståing for kvifor flyktingane lever annleis enn oss, seier Skeie.

Studentduoen legg ikkje skjul på at studiet krev ein del sjølvdisiplin og ein viss innsats i form av lesing, oppgåveskriving og eksamenar.

### Flytta frå Øystese

Ida Maage Elstad er tilsett i Næringshagen i Odda, men hyra som stadansvarleg for tilbodet på sku-



**Fjernsyn:** Vikarførelesaren frå Sørlandet sit denne dagen i London. Studiet som Anette Berg Leiren og Britt Tone Skeie har valt, vert tilbode av NLA Gimlekollen i Kristiansand.

len i Kvam. Ho har kontor i Odda, men kjem til Kvam når noko må leggjast til rette for studentane.

Elstad fortel at det til saman er 69 studentar i Hardanger som nyttar tilboda i Kvam og Odda dette skuleåret. Somme følgjer førelesingane, andre møter berre opp til eksamen. Nokre studerer hjå andre, men nyttar høvet til å ta eksamenar hjå Studiesenteret.

Det galdt til dømes då studielokalet vart flytta frå Kvam fruktlagar i Øystese til Steinsdalen i fjor.

Kari Sagen er HR-leiar i Kvam herad og styemlem i Stiftinga Høgskuleundervisning i Hardanger

(sjå faktarute). Ho seier tanken fyrst var at det var lurt å ha studiesenteret lokalisert nær næringslivet, og at Næringshagen i Hardanger ville ha nytte og glede av å ha det under same taket. Slik vart det ikkje. I staden ville næringshagen ha tilgang til møterommet der studiesenteret låg, fortel Sagen.

Ho freista finna høvelege kommunale lokale, men lukkast ikkje, og vende seg difor til det som no heiter Kvam vidaregåande skule, avdeling Norheimsund.

– Her var dei veldig førekommande. IT-folka har stilt opp for oss, seier Sagen.

– Sissel Aase Børve og skulen elles har vore fantastisk og teke imot oss med opne armar, seier Elstad.

### Flest godt vaksne

Studiesenteret har eit utval fagtilbod. Ein kan ikkje ta eit eige bachelorstudium, men kan «shoppa» fag og til saman få ein bachelorgrad.

Alstad seier dei fleste studentane er godt vaksne. Dette skuleåret spenner alderen i Hardanger frå om lag 25 til 60.

– Det er gjerne folk som har vore i arbeidslivet i ein del år, men ser at dei ikkje kan konkurrera utan å ta vidareutdanning. Mange kombinerer studiet med familie og arbeid, seier Elstad.

Sagen seier ei von er å få på plass eit tilbod om etterutdanning for lærarar, slik at Kvam herad slepp å senda dei ut av kommunen med dei praktiske og økonomiske følgjene det har. Eit slikt tilbod føreset avtalar med høgskular.

– Me arbeider med å få fleire fag og møta etterspurnaden i distriktet. Det er ein billeg og enkel måte å få utdanning på, seier Elstad, og viser til at semester- og eksamensavgifta er på berre vel eit par tusen kroner.